



Vestnes kommune
Sentraladministrasjonen
6390 VESTNES

U.Off.: Off.l. §13, jf FVL § 13 nr. 1

SØKNAD OM REDUSERT FORELDREBETALING I BARNEHAGE OG/ELLER GRATIS KJERNETID FOR 3-, 4- OG 5- ÅRINGAR.

1. mai 2015 blei det vedtatt at ikkje noko hushaldning skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein barnehageplass. Foreldrebetalinga er og regulert av maksimalprisen som frå 01.01.2019 er 2 990.- kroner pr. måned og frå 01.08.2019 3 040.- kroner pr. måned

Maksimum samla person- og kapitalinntekt for at hushaldningar skal få rett til redusert foreldrebetaling er frå januar 2019 satt til kr. 541 500.-

Frå 1. august 2015 fekk alle 4- og 5- åringar, og barn med utsatt skulestart, som bur i hushaldningar med lav inntekt rett til å få 20 timar pr. veke gratis opphaldstid i barnehage.

Frå 1. august 2016 gjeld denne retten også for 3- åringar.

Frå 1. august 2018 er inntektsgrensa for å få gratis kjernetid satt til **533 500.- kroner.**

Betaling for kost (matpengar) kjem i tillegg.

Det er kommunen der barnet er folkeregistert som skal behandle søknadane om reduksjon og/eller gratis opphaldstid.

Ordninga gjeld for foreldre/foresatte med barn både i kommunale og private barnehagar.

Søknaden gjeld: (Kryss av)

- Redusert foreldrebetaling knytt til 6% av skattbar inntekt
- Gratis kjernetid på 20 timar pr. veke for 3-5 åringar
- Begge ordningane

Søknadsfrist

Det er mogeleg å søkje om reduksjon/gratis kjernetid undervegs i barnehageåret. Reduksjonen/gratis kjernetid vil då tre i kraft frå førstkomande betalingstermin etter vedtaket.

For at reduksjonen/gratis kjernetid skal få verknad frå første betalingstermin hausten er søknadsfristen **15.juni kvart år.**

Søknaden blir ikkje ferdigbehandla før tilstrekkeleg dokumentasjon er innlevert.

Opplysningar om barnet

Barnet sitt namn:	
Barnehage:	
Oppstartsdato i barnehage:	
Type plass: (storleik)	

Søsken – søskenmoderasjon

Dersom hushaldninga har fleire barn i barnehage gjeld søskenmoderasjon på 30 % for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 og ev. fleire.

Namn på søsken:	
Barnehage:	
Oppstartsdato:	
Type plass: (storleik)	

Namn på søsken:	
Barnehage:	
Oppstartsdato:	
Type plass: (storleik)	

Opplysningar om hushaldninga

Som hushaldning reknast ektefelle, registrert partner eller sambuar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadane, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast utifrå inntekta til hushaldninga der barnet er folkeregistrert.

Har barnet/barna to foreldre/foresatte:	(Skriv ja eller nei)
Har begge foreldre/foresatte same adresse:	(Skriv ja eller nei)
Namn forelder/foresatt 1:	
Adresse forelder/foresatt 1:	
Namn forelder/foresatt 2:	

Adresse forelder/foresatt 2:	
Ektefelle/partnar/sambuar: (Ikkje forelder/foresatt, men har budd i hushaldninga 12 av siste 18 mnd.)	

Dokumentasjon av inntektgrunnlaget (må leggest ved søknaden)

Sist tilgjengelege sjølvmelding skal leggest ved søknaden som dokumentasjon. Postane som er relevant for kommunen er: 1.6, 1.7, 2.1, 2.2, 2.4, 2.8 og 3.1. Dersom noko ikkje er registrert på sjølvmeldinga av skattepliktig person- og kapitalinntekt, er søkjar pliktig å opplyse om dette i søknaden. Dersom ein ikkje kan legge fram sjølvmelding, må søkjar legge fram anna dokumentasjon for inntekt.

Søknaden vil ikkje bli ferdigbehandla før alle postane i søknadsskjemaet er fylt ut og tilstrekkeleg dokumentasjon er levert.

Foresatt 1:	Skattepliktig person- og kapitalinntekt kr.:
Foresatt 2 /ektefelle/partnar/sambuar:	Skattepliktig person- og kapitalinntekt kr.:
Hushaldninga totalt:	Skattepliktig person- og kapitalinntekt kr.:

Underskrift

Stad, dato

Namn

Det blir bekrefta at opplysningane er korrekte. Søkjar pliktar til å gje informasjon om endring i inntekt som har betydning for foreldrebetalinga.

**Søknad sendast til :
Vestnes kommune, Rådhuset, 6390 VESTNES**

Januar 2019